



Ny leder for Ranglerock

FESTIVAL: Bjørn Hagerup Røken gir seg etter tre år som leder for festivalen. Stafett-pinnen går videre til Iselin Grayston (bildet). I fem år har Hagerup Røken vært engasjert i Ranglerock. Tre år som leder og to år som PR-ansvarlig. Nå mener han at det er på tide å gi seg.

- Jeg er veldig opptatt i jobben

som daglig leder på Mellombels, så jeg får ikke tid til å jobbe med Ranglerock på kveldstid. Nå får yngre krefter ta over, sier han.

Iselin Grayston som blir ny leder er ikke ukjent i Ranglerock-systemet. Grayston har vært både frivillig og nestleder for festivalen over en periode på fem år.

- Jeg har tenkt å fortsette i samme, gode stil som Bjørn har gjort til nå. Jeg har lyst til å videreføre et variert og godt program med spennende artister. Det skal være noe for alle, sier den ferske lederen.

Noen nyheter blir det nok på årets festival, men det er foreløpig hemmelig.

- Men vi kommer til å arrangere barnekonserter som var på biblioteket i fjor. Samarbeidet med Garborgsenteret og biblioteket fungerte veldig bra, så det vil vi fokusere på i år også, sier hun.

Ida Tiberg



GARBORGSDAGAR: Tysdag var det måldebatt på Mellombels på Bryne. Oppmøtet var ikkje særleg stort, men både i panel og publikum var engasjerte.

FOTO: BRIT ROMSBOTN

Kva er best - bokmål eller nynorsk?

Foreldra ved Orstad skule i Klepp vil vera med og bestemma kva målform skulen deira skal gje opplæring i. «Snakk» tok debatten.

MÅLDEBATT: Henning Bonnez, far som kjempar for bokmål i skulen på Bryne, er ikkje i tvil om at bokmål er det beste for barna hans. Inger Undheim som også har barn i skulen på Bryne, er sikker på at nynorsk er best for barna hennar.

Utfordringar på Orstad

Det var ein måldebatt med kjende argument og tydelege frontar som utspelte seg då foreininga «Snakk»

inviterte til debatt om skriftmåla våre i høve Garborgsdagar på Mellombels tysdag kveld.

Jan Harald Forsmo, rektor på Orstad, fortalde om skulen i nynorsk kommunen Klepp, der tre av fire elevar no har bokmål som hovudmål. - Heilt klart skaper det utfordringar at det er så lita nynorskgruppe. Særleg gjeld det på dei miste trinna. Det er utfordrande å leggja tilrette for at alle skal få ei god læring. Eit språk

hadde vore det ideelle. Det hadde gitt den beste bruken av ressursane, sa Forsmo.

Han trur nærleiken til Sandnes og mange innflyttarar, er grunnen

Nynorsk er lettare enn mange trur.

Jan Harald Forsmo, rektor ved Orstad skule

til at så mange vel bokmål som hovudmål.

- Alle blir gode i bokmål

Ingrid Fiskaa, styremedlem i Noregs Mållag, forstår vanskane med å organisera undervisninga. - Men kommunen må ta eit større ansvar. Klepp er heller ikkje på topp i ressursbruk i skulen. Det blir feil når ansvaret blir skyve over på foreldra, og nynorsk blir gjort til eit problem. Klepp må sjølv ta eit større ansvar, sa Fiskaa.

Inger Undheim, leiar for Garborgsenteret, forstår utfordringane på Orstad. Undheim var oppteken av å finna svar kvifor situasjonen er blitt slik.

- Mange foreldre vel skriftspråk for barna sine ut frå det dei tykkjer

er lettast ut frå egne verdiar og behov. Dei tenkjer mindre på at dei bur på Jæren, der me har ein dialekt som ligg tett opp til nynorsk. Alle blir gode i bokmål, uansett. Dei som har nynorsk som hovudmål, blir gode i begge språk. To språk er ein rikdom, og det ligg ein styrke i at me har to skriftspråk. Den beste måten å få det til på, er å ha nynorsk som hovudmål. sa Undheim.

- Kvifor læra noko ingen bruker?

Henning Bonnez, far til elevar ved Bryne skule, gler seg over at leiarer for Garborgsenteret er positiv til skriftmål. Sjølv er han ikkje i tvil om at barna hans er mest tente med bokmål som hovudmål.

- Fleire bruker bokmål enn

